

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leksvik

Emne: Vassbering

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Moan,

Gard: Moan

(adresse): Leksvik

G.nr. 8 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Oppskriffa er dels av eiga røynsle, og dels har eg det etter foreldra minne som no bæ er over to år og som er fødde og oppvaktne her i bygda.

- - -

Vassbering med to bøtter og vass-sle - eller vassgrise som det vert kalla her - har fôr vori den mest vanlege måten å få inn vatn på. Vass-selen, slik han har vori i Leksvik, er ikke slik at han hviler på bæ akstlene. Men ein må gå med han litt på sni, og han da skiftevis la tyngda hvila på høge og venstre aksel.

I gamle dagar brukte ein vidjer og bukrokar i vass-selen. For ein mannsalder sedan fann enda slike vass-seler på dei fleske satrene på Leksviks kogen. Men no er vidjene og bukrokane borte,

og ein smukker kjøtting med jarnkrokar i staden.

I gamle dagar brukte ein også trebøtter til vassberinga. Ær at ikkje vatnet skulle skvetta over bøtta under gongen låg ein liten trekross og plant ned på vatnet. Æ sien noko visst om når tresbøttene gjekk ut av bruk er heller vanskeleg. Høgst sjeldan det vel for seg på ein tjue - tretti år, kanskje. Start set far ein vel sien dei gjekk av bruk kring arkeundeskiftet.

Dei køyde sjølvagt vatn i gamle dagar også. Det var kyrd i tunner, og høgst brukte ein sleda om vinteren vanleg sleda og om sommaren bremssleda. Ein veit ikkje om noko sikkert tilfelle der ein brukte vogn.

Men det mest av vatnet var nok bore inn. På dei gardane der det var bensibfolk var det vanleg at desse bar vatnet. Drungen bar bil stallen og tausa til fjøset og kjøkenet. Var det to tausar, bar gjirne den eine bil fjøset og den andre til kjøknet. Den dei ikkje hadde bensbefolk, var sjølvagt gardfolket vatnet, og da sjølvagt karane bil stallen og krimfolka bil fjøset og kjøknet.

Barna fekk nok også lara seg

til å bera vatn, og det er sikkert mange som har fått ein knukk for livet av dette. Her fins såleis eldre folk som er vortne krybrygga av å gå som vasshest i barneåra.

I over det halve av alle heimar i Leksvik finns enda ikkje springvatn, og det blir bore mykje vatn både i vass-rele og utan. Dette er tilfelle både på gardar, småbruk og hūsemannsplassar.

Når ein ser hoileis gardane er lagt her i Leksvik, finn ein ut at dei gamle ikkje har ofra vass-spørsmålet ein einaste tanke. For gardane ligg helst slik at vatnet må renna mot bakke, om ein skal få det inn med vanleg spring.

Dg slik er det og med dei fleste råtene. Dei fleste råtene er lagt oppa på högde, der det rett nok er høg utsyn men alltid vondt om vatn.

- " -

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

552

BYGDØY

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORST FOLKE MUSEET
BYGDØY

d. J.
Leksvik


Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

2508

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?

Nei



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel? Nei

Har ein brukta kumøkk til brensel?

Nei

Joh. Moan.